

Fra: Vegard Bjørnevik[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 16.11.2023 08:47:47
Til: arkiv@kvinnherad.kommune.no[arkiv@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: VS: Venskapskommune San Lucas Tolimán - overrekking og orientering

Fra: Gaute Lund <gaute.lund@iteam.no>
Sendt: onsdag 15. november 2023 13:08
Til: Vegard Bjørnevik <vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no>
Emne: Venskapskommune San Lucas Tolimán - overrekking og orientering

Hei,

Vi er altså heimkomne frå ein begivenhetsrik tur. Vi har med oss gåve og eit høgtideleg brev frå ordføraren der. (Vi fekk to kopiar av brevet, eitt stila til deg og eitt til Hilde Enstad, sidan dei visste at det hadde vore val og du var den sannsynlege til å bli vald som ordførar.). Eg tenkjer det kunne høva med orientering på 10-15 minutt med bilete og spørsmål/svar. Og overrekking.

Hugs at kommunen har ein representant i venskapsgruppa sitt styre. Denne representanten har i siste periode vore Una, med meg som vara. No skal det veljast på nytt. Både meg og Una er blitt engasjert i arbeidet og kjem sikkert, den eine eller baa, til å stilla oss til disposisjon som styremedlemer på neste årsmøte. Kommunestyret treng å velja ein ny representant. Det hadde vore ekstra stilig om dette blei klart til 30.11. så vedkomande kunne veljast der.

Så litt meir om venskapsarbeidet, som du kan lesa viss du har tid. Det har vore i 25 år og kviler særleg på fire bein:

- Jamnlege nettmøte med ei venskapsgruppe der borte, altså ein komite, der vi snakkar om kva som skjer i begge kommunane.
- Besøk begge vegar – neste år eller året etter blir det dei som besøker oss.
- Skulesamarbeid.
- Stipend – privatpersonar og verksemder i Kvinnherad sponsar utdanning til fattige, men flinke ungdomar.
Ein eigen komite der borte vurderer kandidatar, og tek imot pengeoverføringar og fordeler til stipendelevene. Dette er i første rekke yrkesutdanning, t.d. sekretær eller rekneskapsførar. Ca 50 elevar har fått utdanning gjennom dette opplegget, og det har store ringverknader. Ofte får dei seg jobb og går etter kvart vidare på høgare utdanning, og så betalar dei for utdanning til t.d. søsken. (Eg er sponsor no for ei som skal bli sekretær og som har plan om å gå vidare på sjukepleie.)

Det er verkeleg slåande kor stor pris dei set på venskapssamarbeidet der borte. Dette er ein by som er meir på storleik med Haugesund, så det er ikkje noko alle går og tenkjer på. Men mange vi møter veit om venskapssambandet. Og blant folk i kommuneleiinga er dei veldig opptekne av det, og sjølv sagt dei som har vore involvert, og dei skulane som er direkte berørt. Dei er interessert i vår kommune, t.d. hadde eg ein del diskusjon med nestleiar i deira «PTM», om plan- og reguleringsarbeid i Noreg kontra Guatemala.

Vi har også starta opp samarbeid mellom ein ungdomsskule/vidaregåande (ca. 14-18 år) og Husnes Ungdomsskule. Kanskje vil Rosendal og Øyatun vil kopla seg på dette etter kvart. Spansk-lærarane er veldig oppglødde. Dei har på pensum at elevane skal læra om eit latinamerikansk land. Før har barneskulane Undarheim, Sunde, Valen hatt kontakt med skular der borte, og bl.a. utveksla brev som vart omsett. KVV har hatt kontakt med ein skule. No ser vi meir på ungdomsskulane, sidan dei har så mykje spansk-undervisning.

Gåva er ein glas-statuet av ein flamme med tekst til minne om samarbeidet og 25-års-jubileet. Her er eit bilete av underteikna som får overrekt gåva frå ordførar Jonatan, for å ta den med til deg i Noreg.



Her er eit utkast til omsetjing av brevet du får – vi skal sjølvstøtt pussa på omsetjinga og printa ut ein versjon.

Ærverdige ordførar,

Gjennom dette brevet er det ei glede for kommunestyret i San Lucas Tolimán, Sololá, Guatemala, å fornye banda av brorskap og samarbeid som foreinar vårt folk med folket i Noreg.

Vi set stor pris på å minnast at i 25 år har Noreg gjeve støtte til vårt folk på ulike område, som kultur og utdanning i kommunen.

Særleg ønskjer vi å uttrykke vår takksemnd for støtta vi har motteke i San Lucas Tolimán, Sololá, som har vore grunnleggjande for utviklinga av vårt folk og har gjort det mogleg for oss å bevare vår kulturelle identitet.

På vegner av folket i San Lucas Tolimán, Sololá, uttrykker vi vår oppriktige takksemnd til folket i Noreg for deira solidaritet og støtte, og vi stadfestar brorskapet som foreinar våre to folk.

Med venleg helsing,

Jonatan López Pacheco
Ordførar

Det har også vore val i Guatemala. Dei har «amerikansk» ordning der nye folkevalde går på i januar. Vi helsar også frå den nyvalde ordføraren, Eswin, som har vore involvert i venskapssamarbeidet i fleire år tidlegare, og altså tilrer på nyåret.

Eg vonar du får tid til å kikka på det ein eller begge lesarbrevva.

Frå nestor Magne Fitjar: <https://www.kvinnheringen.no/fire-skular-pa-ein-dag/o/5-27-477621>

Frå ungdomane som var med: <https://www.kvinnheringen.no/var-reise-i-guatemala/o/5-27-478597>

Med vennlig hilsen / best regards



Gaute Lund
Senior IT-konsulent

+4797008200
gaute.lund@iteam.no
[Chat with me on Teams](#)

